


Alver kommune,
Pb. 4,
5906 Frekhaug

Saksnr. 21/10319 - Skjelanger

Merknader i høve Blom Fiskeoppdrett sin konsesjonssøknad om å etablere oppdrettsanlegg i Mangersfjorden ved Sandvika, Skjelanger (FEFIAKFR 1). Våre merknader har utgangspunkt i turmålet Sandvika - eit avgrensa rekreasjonsområde i strandsona i turområdet på Skjelanger.




Presentasjon av området Sandvika

Lengst nord på Holsnøy er det urørte utmarksområder som grenser mot Mangersfjorden. For allmenheten er strandsoneområdet i dette området avgrensa i nordvest ved Forsvarets gjerde. Frå Insteodden og sør austover mot Husebø er strandsona ikkje tilgjengeleg då det her er tett skog som veks heilt ned til dei bratte svaberga ved sjøen. Men strandsoneområdet som strekk seg frå Insteodden og nordvestover til fjellknausene ved Forsvarets gjerde, er ei lita perle som er tilgjengeleg både frå land og sjø.


Mellan Skjelanger nord og Skjelanger sør går ein oppmerka tursti. Det er òg ein tursti frå Husebø via Storefjellet som knyter seg til denne turstien. Stien tek deg rundt Storemyra der du kan høyre lyden av bårene som slår mot svaberga i Sandvika og lokkar deg til å ta ein avstikkar frå hovedstien og følgje skiltet ned mot sjøen og til Sandvika.

Stien ender opp på den vesle grassletta ved Insteodden. Her er fri utsikt sør over Mangersfjorden og nordover Hjeltefjorden til Fedje og havet. Her er langt til menneskeleg infrastruktur og det rår ei meditativ fred og stille her. I sommerhalvåret kan ein nyte sola som går ned i havet. Ved fjære sjø er det eit naturleg basseng som innbyr til eit avkjølende bad ein varm sommerdag. I vinterhalvåret er dette ein svært værhard plass. Ein kan - helst frå avstand - observere naturkreftene når havbårene har baksa seg inn heile Hjeltefjorden og kastar seg mot berga i Sandvika. Etter



ein uværsperiode ligg gjerne tang og tare i buskar og trær, slengt langt opp på land av bårer og vind.

Ved fleire høve har vi observert ottere som ivrig og leikent jakter middagen sin i sjøen eller lærer ungane sine svømmeferdigheter i havbårene langs land. Havørner sit gjerne i trea eller på berga i bakgrunnen og hjort gøymer seg i skogholtet oppe i skråningen. Og er du så heldig som oss, får du høre den raudlista hubroen som held til i området. I bergsprekker rett ved sjøkanten nikkar rosenrot og strandnellik i vinden. Inst i Sandvika, heilt nede i sjøkanten, veks kusymra som lagar eit gult teppe langs svaberget om våren. Og her har havet kasta på land mindre områder med skjelsanden som Sandvika har fått navnet etter.



Det er dette naturmangfaldet og den meditative freden som eksisterer i turområdet i dag som vi fryktar vil få sterkt negativ påverknad av eit oppdrettsanlegg som nærmeste nabo.

Arealplanen


I Planføresegner for Meland kommune heiter det:

«3.3.6 Kombinerte føremål i sjø og vassdrag

Inngrep eller tiltak skal vurderast som enkeltsaker, dei kombinerte føremåla gjeld likestilt der anna ikkje er nemnd. FEFIAKFR-1 – tiltak eller inngrep kan ikkje tillatast på stader som kjem i konflikt med fiske, ferdsel, friluftsliv eller akvakulturintersser.» Vi ber om at interessene i området skal vera likestilte, og at ikkje dei kommersielle interessene som søknaden representerer skal vega tyngre. I dette området vil omsøkte tiltak klart kome i konflikt med eksisterande fiske, ferdsel og friluftsliv. Fiskeplassar vil verta hindra tilgang til og ferdsel vil verta sperra av sjølve anlegget. Friluftslivet med rekreasjonsområde på land og på sjøen vil verta sterkt forringa. Vestland fylke må difor sei nei til søknad basert på Alver kommune si planføresegn for dette området.

Meland kommuneplan temakart

På temakart for Meland kommune under kategori Regionalt friluftsområde er sjøområdet rundt



Skjelanger markert som svært viktig. Vi vil påpeike at FEFIAKFR 1 ligg i dette friluftsområdet som regionalt vert rekna som svært viktig. Her er ein klar konflikt mellom eksisterande friluftsinteresser som er nedfelt i temakartet i kommuneplanen og omsøkte anlegg. Eit fiskeoppdrettsanlegg i dette området vil kome i konflikt med friluftslivet og allmenhetens nytte av dette svært viktige området og Vestland fylke må sei nei til søknaden.

Kommunal- og moderniseringsdepartementets (KMD) vedtak

I vedtak frå KMD av 26.07.2021 for havbruksdelen av Meland kommune sin arealplan, står det om FEFIAKFR 1 og 2: «Departementet godkjenner difor områda, og legg til grunn at dei detaljerte miljøforholda avklarast i seinare sakshandaming etter akvakulturlova.» Kor grundig interessavklaringa kan ha vore mellom akvakultur og andre bruks- og verneinteresser under planarbeidet i Meland kommune med kort tid før kommunesamanslåinga, stiller vi oss spørjande til. Vi gjer merksam på at i fylgje vedtaket frå KMD kan kommunen etter eige skjøn i høve tiltak i FEFIAKFR 1 og 2, krevje reguleringsplan. Vi forventer at Alver kommune og Vestland fylke gjer ei detaljert miljøvurdering og interessavklaring for området før handsaming av søknaden jfr vedtaket frå departementet. Vi ber òg om at vår merknad om Sandvika som turmål og rekrasjonsområde må takast med i denne vurderinga.

Naturmangfaldslova

Det er i konsesjonssøknaden si konsekvensutgreiing henvist til artsdatabanken. Underteikna og andre lokale har fleire erfaringar og observasjonar enn det som kjem fram i artsdatabanken. Vi vil derfor vise til naturmangfaldslova §8 andre del, og be om at våre og andre lokale sine erfaringar og observasjoner frå området vert vektlagt. Vi ber òg om at både kommune og fylket baserer sine avgjerdssler etter føre-var-prinsippet jfr naturmangfaldslova §9, lar eventuell tvil om miljøpåverknadar kome det eksisterande friluftsliv og naturmangfaldet til gode og seier nei til søknaden.

Oppsummering

Eit oppdrettsanlegg vil verta ei visuell forureining for Sandvika som turmål og rekreasjonsområde. I tillegg vil betydeleg lys- og lydforureining som drifta av anlegget medfører, vesentleg forringje området for rekreasjon, og hindre fiske og friluftsliv for allmennheten. Hubroen, havørna og anna fugle-, dyre- og planteliv over og under havflata vil også lide av forureininga av lyd, lys og avfall frå eit slikt anlegg. Miljøkonsekvensane for naturmangfold og vassmiljø er ikkje vurdert godt nok både i nærmiljø og regionalt. Godkjenning av eit slikt anlegg vil kome i konflikt med kommunens plan og føresegn for denne i området. Vi ser det difor som svært viktig at Alver kommune og Vestland fylke avslår ein søknad av eit slikt anlegg.

Venleg helsing

Janne Iren Skjelanger (gnr/bnr 355/13)
Olaug Skjelanger Bratshaug (qr/bnr 355/57)